



# Auka uvisse

NASJONALT TRYGGINGSORGAN  
ÅRSRAPPORT  
2016

004	<b>Kapittel 1: Leiaren har ordet</b>
008	<b>Kapittel 2: Introduksjon til verksemda og hovedtal</b>
008	Dette er Nasjonalt tryggingsorgan
012	<b>Kapittel 3: Aktivitetar og resultat i 2016</b>
012	Mål 1: Styrke den førebyggjande tryggleiken
016	Mål 2: Effektivt handtere hendingar som trugar tryggleiken på nasjonalt nivå
018	Mål 3: Gjere samfunnet mindre sårbart gjennom kontroll og tilsyn
020	Mål 4: Betre IKT-tryggleiken i samfunnet
022	Mål 5: Sikre aktivitet i tråd med økonomiske ressursar
024	Mål 6: Effektivisere og utvikle NSM vidare
026	Mål 7: Sørgje for å ha rett kompetanse til oppgåveløysinga i NSM
028	<b>Kapittel 4: Styring og kontroll i verksemda</b>
028	Overordna vurdering av styring og kontroll
032	<b>Kapittel 5: Vurdering av framtidutsikter</b>
036	<b>Kapittel 6: Årsrekneskap 2016</b>
038	Formål
038	Stadfesting
038	Vurderingar av vesentlege forhold
038	Tilleggsopplysningar
039	Prinsippnote til årsrekneskapen

Det er ei sterk forventing til at staten klarer å sikre verksemder og samfunn.

KJETIL NILSEN, DIREKTØR



# Samarbeid reduserer sårbarheita

Den tryggingspolitiske situasjonen i Europa og nærområda våre er i dag meir usikker og uføreseileg enn på lenge. Internasjonale konfliktar, terrorhandlingar, nettangrep og hybride truslar, inkludert informasjonsoperasjonar, har prega nyheitsbiletet i 2016. →



**DATANETTVERKSOPERASJONAR** og digital spionasje frå statlege aktørar utgjer ein vesentleg risiko for offentleg forvalting og verksemder som forvaltar avgjerande infrastruktur, avgjerande samfunnsfunksjonar og høgteknologi. Dette skjer gjerne ved at ein aktør, ofte ein stat, nytta alle middel for å oppnå ambisjonane sine, med ei blanding av verkemiddel. Ein potensiell trussel om bruk av militære maktmiddel ligg alltid i botnen. Hybrid krigføring og hybride truslar er realitetar vi må ta innover oss. Politisk påverking er eit verkemiddel vi såg i samband med valet i USA i 2016. Dette er ein type påverking som òg kan komme til å bli brukt under europeiske val i 2017.

**IKT-TRYGGLEIK.** På kort sikt er det visse utviklingstrekk som uroar når det gjeld førebyggjande tryggleik. Omfanget av dataangrep er i vekst. Dataangrepa blir meir profesjonelle, og vanlege menneske blir i aukande grad offer. Det begynner å bli meir normalt at verksemder blir utsette for angrep, enn at dei ikkje blir det. Store økonomiske verdiar kan stå på spel. Ein del av angrepa er retta mot demokratiske institusjonar og nasjonal tryggleik.

NSM registrerte ein auke på 10 prosent i talet på angrep i 2016, og talet på saker som blei prioriterte for oppfølging av NSM, auka med 15 prosent. Både statlege og ikkje-statlege aktørar kan utgjere ein digital trussel mot Noreg. NSM vurderer nettverksoperasjonar frå framande statar som den høgaste IKT-risikoen for den offentlege forvaltinga. Den dominante angrepsmåten er framleis infiserte vedlegg i målretta e-postar som blir sende til spesifikke personar – såkalla spearphishing.

Målet til NSM er å gjere samfunnet mindre digitalt sårbart, slik at konsekvensane av angrepa blir reduserte. Vi må jobbe med å stengje dei sårbare punkta gjennom å identifisere dei og etablere gode

og målretta tiltak for å redusere omfanget av dei. God førebyggjande IKT-tryggleik blir bygd opp i ein fellesskap mellom styresmakter og verksemder.

**STRATEGISKE RAPPORTAR.** NSM leverte eigne strategiske rapportar og bidrog i andre rapportar og høyringar gjennom heile 2016. NSM leverte rapporten Risiko 2016 til Forsvarsdepartementet og Justis- og beredskapsdepartementet i mars og Helhetlig IKT-risikobilde i slutten av september. I IKT-risikobiletet ser vi på utviklingstrekk, utfordringar og moglege tiltak som kan vere til hjelp for statleg tryggleik, samfunnstryggleik og tryggleik i verksemder. Fordi rapporten tek for seg utfordringar både for tilsikta og utilsikta uønskte hendinger innanfor IKT, har han eit breitt nedslagsfelt. I tillegg til dei tryggingsfaglege råda som NSM gav i september 2015, gav NSM andre innspel til langtidsplanen for Forsvaret som blei vedteken av Stortinget 15. november 2016. Justis- og beredskapsdepartementet gav i november 2016 ut samfunnstryggleiksmeldinga, Meld. St. 10 (2016–2017), som også NSM bidrog med innhald til. NSM bidrog i tillegg med faglege innspel i andre rapportar, som rapporten Digitalt grenseforsvar frå Lysne II-utvalet og NOU 2016:19 Samhandling for sikkerhet frå Traavik-utvalet.

**BETRE RESULTAT.** NSM har i løpet av 2016 utarbeidd fleire tilrådingar, råd og rettleiingar på nasjonalt nivå. Med ei styrkt leiing av fagområdet teknologisk utvikling vil vi på sikt få større effekt av kapasiteten. Ressursane her bidreg til at NSM er i stand til å handtere fleire behov i verksemder som er viktige for samfunnet. Det er likevel nødvendig å dekkje det behovet samfunnet har for råd og rettleiing, ved å setje i verk fleire tiltak. I 2016 blei det utvikla ei kvalifiseringsordning for kommersielle

## FAKTA

### KJETIL NILSEN

**Stilling:** Direktør

**Alder:** 56 år

**Om:** utdanna politi, jurist og har ein mastergrad i leiing. Han har òg befalsutdanning frå Forsvaret og NATO Defense College.

## Hybrid krigføring og hybride truslar er realitetar vi må ta innover oss.

leverandørar av hendingshandtering. Denne ordninga er framleis under utvikling. Døgndrifta på NSM NorCERT blei etablert i 2015 og har gitt gode resultat også i 2016. NSM har kontinuerleg vore opptekne av å oppdage og koordinere handteringa av dataangrep. Det er behov for ei vidare utbygging av sensornettverket (VDI), slik det er beskrive i det tryggingsfaglege rådet frå 2015. Forsvarsdepartementet har følgt opp prosessen, og det er foreslått eit prosjekt for å betre oppdagingsevna.

Det var i 2016 stor etterspurnad etter råd og rettleiing om objektsikring, fysisk sikring og IKT-tryggleik. Det er god deltaking på kursverksemda og konferansane til NSM. Det har vore utfordrande å dekkje etterspurnaden etter rådgiving om objektsikring på grunn av periodevis mangel på fagpersonar, men det er gjort tiltak for å sikre at det igjen blir mange nok fagpersonar på dette feltet.

I løpet av 2016 blei det totalt gjennomført 55 tilsyn. Tilsyna er innretta på ulike vis, og det blir også gjennomført etterkontrollar – såkalla oppfølgingstilsyn – der ein kontrollerer at avvika som blir oppdagata gjennom tilsyn, faktisk blir retta opp. Etter kvart tilsyn får verksemda tilbod om råd og rettleiing frå NSM. Vi jobbar for å betre tilboden, slik at verksemdene blir sett endå betre i stand til å rette opp avvik.

**FUNN FRÅ VÅRE TILSYN.** Hovuddelen av avvika som blei avdekt gjennom tilsyn i 2016, var av ein slik karakter at verksemdene burde ha avdekt dei sjølv gjennom eigne tryggleiksrevisionar. Manglende eller mangelfulle tryggleiksrevisionar gav leiinga i verksemdene eit sviktande grunnlag for å evaluere tryggleikstilstanden.

Talet på tryggleiksklareringar heldt fram med å vere høgt gjennom 2016, samtidig som overføringa

av ansvaret for tryggleiksklareringar til Forsvaret og ein ny etat i sivil sektor blei planlagd. Behandlingstida for klage- og klareringssaker har vore for lang, men NSM har lykkast med å redusere behandlingstida vesentleg. Ved nyttår var talet på klagesaker som ikkje var behandla, på eit akseptabelt nivå.

Det er ei sterkt forventing til at staten klarer å sikre verksemder og samfunnet. Det er openbert at dette ikkje kan gjerast av enkeltmiljø åleine, men at innsatsen må gjerast på tvers av sektorar – i samarbeid med sektorstyresmakter, sektorvise responsmiljø og andre fagmiljø innanfor førebyggjande tryggleik.

Det er likevel verksemdene som har primæransvaret for eigen tryggleik. Verksemdene må legge vekt på det dei kan gjøre noko med, nemleg å bli mindre sårbar ved å gjennomføre gode tiltak.

I 2017 vil NSM særleg vere opptekne av desse oppgåvene:

- ▶ etablere og formidle grunnprinsipp for førebyggjande tryggleik frå NSM og andre rettleiingar
- ▶ styrke evna til å varsle, støtte og koordinere handtering av dataangrep
- ▶ styrke objektsikringsmiljøet og auke evna til rådgiving
- ▶ støtte etableringa av ei sivil eining for tryggleiksklareringar

Kolsås, april 2016



Kjetil Nilsen  
Direktør

# Dette er Nasjonalt tryggingsorgan

Nasjonalt tryggingsorgan (NSM) er ei tverrsektoriell fag- og tilsynsstyresmakt innanfor den førebyggjande tryggingstenesta i Noreg. Direktoratet er nasjonal varslings- og koordineringsinstans for alvorlege dataangrep og andre hendingar innanfor IKT-tryggleik. NSM ligg direkte under Forsvarsdepartementet og rapporterer parallelt til Justis- og beredskapsdepartementet. →



## NSM skal foreslå tiltak for å betre tryggleiken i Noreg.

**NSM ER EI EOS-TENESTE** (etterretnings, overvakings og tryggingsteneste). Noko informasjon om verksemda vil derfor ikkje kunne bli lagd fram i årsrapporten på grunn av reguleringar i tryggleikslova. Slik informasjon vil gå fram av resultat- og kontrollrapportane frå NSM til Forsvarsdepartementet.

**TRYGGLEIK I RIKET, SAMFUNNET OG VERKSEMDER.** Nasjonalt tryggingsorgan skal verne tryggleiksgradert informasjon og skjermingsverdige objekt mot spionasje, sabotasje, terror og andre tilsikta uønskte handlingar.

*Vi utøver ansvaret i tråd med lov om forebyggende sikkerhetstjeneste (tryggleikslova), lov om oppfinnelser av betydning for rikets forsvar og forskrift om fotografering mv. fra luften og kontroll av luftfotografier og optaks-materiale fra luftbårne sensorsystemer.*

Oppgåvene til NSM er mellom anna å stille krav, føre tilsyn og kontroll og byggje kompetanse hos dei over 600 verksemndene i landet som er omfatta av tryggleikslova. Vi produserer kryptonøklar for å verne tryggleiksgradert informasjon, og vi er fagstyresmakt for arbeidet med tryggleiksklareringar i Noreg. NSM har òg ei eiga sertifiseringsstyresmakt for IT-tryggleik i produkt og system (SERTIT).

Som det nasjonale fagmiljøet for IKT-tryggleik skal NSM støtte og bidra til utøvinga av det ansvaret Forsvarsdepartementet og Justis- og beredskapsdepartementet har på IKT-tryggleiksområdet. Justis- og beredskapsdepartementet har samordningsansvaret for førebyggjande IKT-tryggleik i sivil sektor. Samordninga skal mellom anna gjennomførast ved å halde fram utviklinga av NSM som det nasjonale fagmiljøet for IKT-tryggleik i Noreg. Det skal bidra til betre IKT-tryggleik i samfunnet og til å møte utviklinga mot eit stadig meir komplekst IKT-risikobilete.

Den digitale utviklinga har gjort alle delar av samfunnet vesentleg meir sårbar. Det påverkar òg våre ansvarsområde. NSM skal varsle om og koordinere handteringa av alvorlege dataangrep mot avgjerande

infrastruktur og viktige samfunnsfunksjonar gjenom NSM NorCERT (Norwegian Computer Emergency Response Team).

Vi er alle avhengige av digitale system som fungerer. Tryggleiksutfordringane omfattar alle nivå i samfunnet, frå vern av PC-ane og dei mobile einingane til enkeltpersonar til vern av system som er avgjerande for viktige samfunnsfunksjonar.

NSM skal utvikle, halde ved like og kontinuerleg formidle eit heilskapleg IKT-risikobilete. Dette omfattar risikoforhold for tryggleiken i staten, samfunnet og verksemder. NSM skal identifisere og foreslå tiltak for å betre tryggleikstilstanden, gi råd og fremje forslag til nasjonale krav på området.

Folk flest er viktige for tryggleiken i samfunnet. Det er heilt vanlege folk som sørger for at dei sjølv og andre er trygge på arbeidsplassen, som behandler sensitiv informasjon, datamaskiner, mobiltelefonar og nettrett, og som bidreg til god tryggleikskultur. Dersom den jamne nordmannen er bevisst på tryggleik – som leiar, kollega eller privatperson – vil det vere positivt for både tryggleiken til riket, tryggleiken i samfunnet og eigen tryggleik.


**GRENSEFLATER.** Som sektorovergripande direktorat har NSM grenseflater mot og samarbeid med ei rekke ulike aktørar, mellom anna desse:

- ▶ Ei rekke ulike sektorstyresmakter, som Nasjonal kommunikasjonsmyndighet (Nkom), Finanstilsynet og Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE)
- ▶ Politiets tryggingsteneste og Etterretningstenesta
- ▶ Verksemndene sjølv, som har primæransvaret for eigen tryggleik. Forsvaret er ei av dei største verksemndene vi samarbeider med, og vi samarbeider òg nært med store private selskap som mellom anna eig avgjerande infrastruktur.
- ▶ Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB)
- ▶ Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi) i samband med sektorovergripande IKT-tryggleikstiltak i statsforvaltinga. ☺

### UTVALDE NØKKELTAL FRÅ ÅRSREKNEKAPEN


*Dei økonomiske tala er justerte til 2016-kroner.*

Nøkkeltal frå årsrekneskapen 2013–2016	2016	2015	2014	2013
Årsverk	232	218	209	179
Samla tildeling post 01–99	266 391 000	237 783 544	243 400 258	219 605 856
Utnyttingsgrad post 01–29	98,4 %	98,5 %	97,4 %	99,7 %
Driftsutgifter	291 558 158	257 398 386	258 383 657	233 218 654
Investeringsdel	12,1 %	9,5 %	9,5 %	11,4 %
Lønnsdel av driftsutgifter	57,0 %	61,4 %	58,4 %	53,2 %
Lønnsutgifter per årsverk	716 798	718 099	714 498	684 448



57%

Lønnsandel av driftsutgifter  
er på 57 % i 2016.



232

Antall årsverk har økt fra  
179 i 2013, til 232 i 2016.

**MÅL 1:**

# Styrkje den førebyggjande tryggleiken

Behovet for IKT-rådgiving aukar både hos verksemder og i ulike sektorar. Kvalitetsordninga for private aktørar vil gi eit kvalitetsstempel på rådgiving innanfor handtering av hendingar.

**Etterspurnaden etter IKT-rådgiving aukar både frå verksemder og ulike sektorar.**

**MÅL.** NSM skal utvikle seg vidare som det sentrale direktoratet for vern av informasjon og infrastruktur som er avgjerande for samfunnet og viktige samfunnsfunksjonar. Arbeidet med å etablere og vidareutvikle motstandskraft i samfunnet skal styrkjast. Tiltaka skal vere balanserte og på eit nivå som er tenleg for samfunnet. NSM skal så langt det er praktisk mogleg, utnytte synergieffektar med andre verksemder nasjonalt og internasjonalt for å løyse oppgåver på ein rasjonell måte.

**RESULTAT.** Arbeidet med å etablere og vidareutvikle motstandskraft i samfunnet skal styrkjast. Eit særleg satsingsområde i 2016 har vore rådgiving innanfor IKT-tryggleik. Kapasiteten til å gi råd og rettleiling er auka ved at det er oppretta ei ny rådgivingseining, og rådgivingsoppdragene tekne hand om etter kvart. Etterspurnaden etter NSM som deltakar i eksterne prosjekt har vore større enn vi har klart å oppfylle.

NSM har eit klart inntrykk av at rettleiinga og råda frå etaten innanfor kryptotryggleik blir oppfatta som nyttige for verksemndene som nyttar denne tenesta.

Også dronar kan i verste fall vere ein trussel mot samfunnet, og NSM tok i 2016 initiativ til eit nasjonalt forum der styresmakter i forsvars-, justis- og samferdselssektorane kunne samlast for å diskutere behov, tiltak og samarbeid innanfor vern mot dronar som utgjer ein trussel.

Kurssenteret for førebyggjande tryggleik som blei etablert hausten 2014 i Sandvika, har bidrige til å auke kunnskapen om, forståinga av og ferdigheitene innanfor førebyggjande tryggleik i verksemndene. Kurssenteret til NSM har no vore i sving i to heile år. Kursaktiviteten har vore høg, med ventelister på dei mest populære kursa. Tilbakemeldingane frå kursdeltakarane har generelt vore positive.

Sikkerhetskonferansen 2016 blei arrangert i slutten av mars på Oslo kongressenter. Over 700 personar deltok på konferansen, som varte i to dagar.

NSM oppdaterer kontinuerleg aktuelle rettleiingar. I 2016 har vi utvikla desse rettleiingane:

- ▶ Håndbok i risikovurdering for sikring
- ▶ Veileder i sikkerhetsrevisjoner

I tillegg har vi gitt ut rapporten Risiko 2016 – kan sikkerhet styres? En vurdering av sårbarheter og risiko i Norge og Helhetlig IKT-risikobilde 2016.

## DEN INNERSTE SIRKEL



Historieboka om den militære tryggingstenesta frå 1945 til 2002, *Den innerste sirkel*, av Hans Morten Synstnes, er basert på kjeldemateriale som til no har vore hemmeligstempla, og ho kastar nytlys over ei rekke profилerte saker i den norske etterkrigshistoria. Nasjonalt tryggingsorgan (NSM) og Forsvarsdepartementet har delfinansiert arbeidet med boka. Forfattaren har teke doktorgrad på emnet og har sete i lokala til NSM. Boka kom ut i 2016 og blei lansert på eit arrangement i regi av NSM under Arendalsuka i august.

**VURDERING OG RESSURSUTNYTTING.** Etterspurnaden etter IKT-rådgiving aukar både frå verksemder og ulike sektorar. Behovet for vidare utvikling av førebyggjande IKT-tryggleikstiltak har vore stort også i 2016. Rekruttering, opplæring og prioritering av tiltak på strategisk viktige område har gitt god

FAKTA

KRYPTONØKLER




46 288

NSM produserer nøklane som løser opp den mest hemmelege informasjonen i Noreg. I fjor produserte vi 46 288 kryptonøkler.

700

NSM når stadig fleire med viktige bodskapar om tryggleik. Den örlege tryggleiks-konferansen i Oslo kongressenter har på få år vaks til å bli ein av dei viktigaste møteplassane i Noreg for førebyggjande tryggleik.

**THE CITY BETWEEN FREEDOM  
AND SECURITY**

Motsetning mellom tryggleik og tilgang i byar? Det er viktig å auke forståinga for sikringstiltak i det offentlege rommet. NSM er opptekne av korleis kunnskap om sikkert design, som alternativ til festningsprega tryggleik, skal kommuniserast til relevante kompetansemiljø.

I mai blei boka *The City between Freedom and Security* lansert på Litteraturhuset i Oslo. Temaet er korleis ein kan planlegge byutvikling med tanke på både tryggleik og tilgang. Prosjektet blir gjennomført av Bergen Arkitekthøgskole, med støtte frå NSM, PST og konsulentelskapet COWI.

Meir informasjon er å finne på [www.citysecure.org](http://www.citysecure.org)

effekt, slik at stoda alt i alt har utvikla seg i positiv retning. Den nye rådgivingseininga har styrkt arbeidet med å gi teknologisk rådgiving til funksjonar som er viktige og avgjerande for samfunnet. Arbeidet med kvalitetsordninga for handtering av hendingar har komme godt i gang.

**KURSSENTERET I SANDVIKA.** Senteret blei etablert i 2014 og blir no utvikla vidare som eit permanent tilbod. NSM dekkjer stort sett etterspurnaden etter kurs, men har ventelister på dei mest etterspurde kursa. Alle kursa blir evaluerte av deltarane, og så

langt er dei aller fleste nøgde med kvaliteten. Kuruskatalogen er tilgjengeleg på [www.nsm.stat.no](http://www.nsm.stat.no).

**VIDAREUTVIKLING AV FØREBYGGJANDE TRYGGLIESTILTAK.**

Før å støtte funksjonar utanfor tryggleikslova som er avgjerande for samfunnet, har NSM laga nasjonale rettleiingar for enkel og effektiv grunnsikring av IT-system. Sjølv om truslane frå Internett vil utvikle seg over tid og den teknologiske utviklinga skaper nye sårbarer punkt, erfarer NSM at fire tiltak stoppar 90 prosent av angrepa. Dette er dei fire tiltaka:

- ▶ Oppgrader maskin- og programvare.
- ▶ Installer tryggleiksoppdateringar raskt.
- ▶ Ikke gi alle tilsette administratorrettar.
- ▶ Ikke køyr uautorisert programvare.

**STØTTE TIL NORSK KRYPTOINDUSTRI.** Gjennom 2016 har NSM halde fram arbeidet med å støtte og hjelpe Forsvaret i ei rekke prosjekt som skal utvikle produkt for å motstå alvorlege truslar og utvikle førebyggjande tryggleikstiltak. I den same perioden har NSM òg brukt vesentlege ressursar på støtte til norsk kryptoindustri.


**STYRKING AV OBJEKTSIKRINGSARBEIDET.** NSM har i løpet av 2016 erfart at omfanget av førespurnader om prosjekt er større enn kapasiteten. NSM opplever at det i sivil sektor er eit aukande behov for førebyggjande tryggleikstiltak.

**EVNE TIL Å GJENNOMFØRE RISIKOVURDERINGER.** NSM lagar risikovurderingar og analysar, og desse utgjer mykje av grunnlaget for den rådgivinga, rettleiinga og utforminga av retningslinjer NSM gjennomfører på nasjonalt nivå. Verksemduene har i løpet av 2016 fått betre evne til å gjennomføre eigne risikovurderingar gjennom kursing av medarbei-

darar ved kurssenteret til NSM. Gode risikovurderingar er grunnlaget for tilpassa sikringstiltak. Korleis sikringstiltaka blir utforma praktisk, er i stor grad avhengig av risikoanalysen i verksemda, korleis kvart enkelt objekt er konstruert, og korleis ein vurderer at eventuelle angrep eller tryggleiksbro kan skje.

NSM har i 2016 gitt råd og støtte til verksemder som har bedt om det, i arbeidet med å utvikle førebyggjande tryggleikstiltak.

**UTFORDRINGAR OG RISIKO.** Styrking av rådgivingskapasiteten har vore eit verdifullt tiltak for å auke kapasiteten, og det bidreg til at NSM er i stand til å handtere fleire av behova til verksemder som er viktige for samfunnet. Vi ser likevel at behovet og talet på førespurnader til NSM er større enn det NSM er i stand til å ta hand om. ☺



**MÅL 2:**

# Effektivt handtere hendingar som trugar tryggleiken på nasjonalt nivå

Datanettverksoperasjoner og digital spionasje fra statlege aktørar utgjer ein vesentleg risiko for offentleg forvalting og verksemder som forvaltar avgjerande infrastruktur, avgjerande samfunnsfunksjonar og høgteknologi.

**VDI er i dag eit av dei viktigaste verktøyå Noreg har for å oppdage dataangrep.**

**MÅL.** Handtering av hendingar som trugar tryggleiken, er først og fremst eit ansvar for dei enkelte verksemndene. Likevel er risikobiletet i dag slik at effektiv handtering av hendingar som trugar tryggleiken, krev høg grad av situasjonsoversikt og koordinering på tvers av samfunnsektorar og mellom land og internasjonale organisasjoner. NSM må sjá framover, ta initiativ og samarbeide med relevante aktørar. Tryggleiksutfordringar skal oppdagast og handterast raskt og effektivt, negative konsekvensar skal reduserast, og læringseffekten skal raskt omsetjast i betre tiltak.

**RESULTAT.** NSM registrerte om lag 22 000 uønskede hendingar mot informasjonssystem i Noreg i 2016. Om lag 5000 av dei blei prioriterte for oppfølging av NSM. Den generelle tendensen er at talet på hendingar stig. NSM vurderer nettverksoperasjoner frå framande statar som den største IKT-risikoen for den offentlege forvaltinga.

Deltakartalet i VDI (varslingssystem for digital infrastruktur), som er sensornettverket til NSM, heldt fram med å auke i 2016. Varslingssystemet er sett saman av sensorar som blir plasserte i nettverket til nokre av dei største og viktigaste private og offentlege verksemndene i Noreg. NSM NorCERT overvakar datatrafikken og bidreg til å verne verksemndene mot dataangrep og industrispionasje.

VDI er i dag eit av dei viktigaste verktøyå norske styremakter har til å oppdage og verifisere dataangrep, medrekna spionasje frå framande statlege aktørar mot norsk infrastruktur. Dette har bidrege til at styremaktene har handtert ei større mengd hendingar og avdekt fleire alvorlege angrep mot norske bedrifter og styremakter.

**VURDERING OG RESSURSUTNYTTING.** Det er positivt at saker blir oppdaga og handterte. Trygg handtering av hendingar er ein viktig del av arbeidet med informasjonstryggleik. Gjennom slike

prosessar blir hendingar analyserte og kontrollerte, skadeomfanget blir avgrensa, årsaka til hendinga blir eliminert, og det blir oppretta sikker drift igjen. Det er viktig at verksemndene etablerer, eller har tilgang til, tilstrekkeleg evne og kapasitet til å handtere cyberhendingar.

**UTFORDRINGAR OG RISIKO.** For å oppdage tryggleiksutfordringar og handtere dei raskt og effektivt treng vi høgt utdanna og kompetente medarbeidarar. Tryggleikskompetanse innanfor IKT er både viktig og lønnsamt, og konkurransen om dei dyktigaste personane er framleis svært merkbar. Det gir NSM utfordringar med å rekruttere og halde på medarbeidarar for å halde oppe den operative evna vår.

Varslingssystem for digital infrastruktur (VDI) gir eit bilete av kva typar dataangrep som rammar verksemder som er viktige for det norske samfunnet. Sensorsystemet er viktig for at nasjonen skal ha evne til å oppdage og handtere cyberangrep. Denne evna er framleis for svak, mellom anna fordi ein for liten del av den avgjerande infrastrukturen og dei viktige samfunnsfunksjonane i Noreg er omfatta av sensorsystemet. I dag er systemet basert på frivillig deltaking, og private aktørar må finansiere deltakinga sjølv. NSM vurderer det slik at situasjonsbiletet derfor er avhengig av at aktuelle selskap ønskjer å vere med i samarbeidet.

NSM gir støtte i handteringa av alvorlege IKT-hendingar. Utviklinga på dette området tilseier at sakene blir meir komplekse og omfattande, og det fører til at NSM i dag ikkje klarer å dekkje etter-spurnaden fullt ut. ☺

## MÅL 3:

# Gjere samfunnet mindre sårbart gjennom kontroll og tilsyn

## Mange skjermingsverdige objekt er potensielle terrormål.

**MÅL.** NSM skal styrke evna til å planlegge, gjennomføre og følgje opp eit årleg tilsynsprogram i løpet av perioden. Tilsynsprogrammet skal innehalde eit representativt utval tilsynsobjekt basert på risikovurdering, med fagleg spreiing og nok fleksibilitet til å fange opp behov for undersøkingar som dukkar opp. NSM skal auke bruken av tekniske kontroll- og undersøkingstiltak og samordne desse med ordinære tilsynsaktivitetar. NSM skal godkjenne datasystem som skal behandle tryggleiksgradert informasjon, før dei blir tekn i bruk.

**RESULTAT.** NSM har gjennomført 55 tilsyn i 2016, og dette vil gjøre tryggleiken betre hos fleire verksemder. Vi har i 2016 gjennomført tilsynsprogrammet ved å nytte både stadlege og dokumentbaserte tilsyn. Resultatet er at vi har kunna føre tilsyn med fleire verksemder og dermed bidre til å redusere sårbare sider ved samfunnet og betra tryggleiken hos fleire verksemder.

Etter tilsyn får alle verksemder tilbod om råd og rettleiding frå NSM. Også i 2016 har vi fått fleire førespurnader om denne typen tenester. Vi jobbar for å styrke dette tilbodet vidare, slik at verksemndene blir sett betre i stand til å rette opp avvik. Frå og med 2015 har NSM gitt råd til verksemndene om kva for avvik dei bør korrigere først. I 2016 har vi sett at verksemndene er blitt flinkare til å rette opp avvik. Ei viktig årsak er at NSM følger opp verksemder med påviste avvik meir aktivt enn tidlegare.

NSM gjennomførte noko færre tekniske tryggleiksundersøkingar enn i 2015. Det kjem først og fremst av at mykke kapasitet i NSM er bunden opp i store prosjekt. Samtidig har NSM lagt om prosessane for fornya godkjenning av møterom for gradert tale. NSM gjennomfører tekniske undersøkingar for å sikre møterom mot avlytting eller innsyn. Undersøkingane gir NSM grunnlag for å gi råd eller pålegg om å redusere sårbare punkt. Forsvaret utgjorde 57 prosent, og andre delar av statleg sektor utgjorde 43 prosent av objekta der NSM gjennomførte slike undersøkingar i 2016. Dette er ei dreining i favor av sivil statleg sektor

samanlikna med tidlegare år.

NSM har eit mellombels saksbehandlingsgebyr for søknader om tryggleiksgodkjenning av graderete informasjonssystem i sivil sektor. Forskrift om informasjonssikkerhet (§ 5-24) slår fast at eigaren av eit informasjonssystem er pålagd å dekke alle kostnader som gjeld godkjenning av graderte informasjonssystem. Gebyret er fastsett til 20 000 kroner og gjeld for alle søknader, uavhengig av i kva grad NSM deltek. Ordninga blei sett i verk i tredje kvartal 2013 og skulle vurderast før utgangen av 2014. Det har vore så få søknader om godkjenning at det ikkje er grunnlag for å evaluere ordninga. I 2016 har det berre vore tre system der det har vore aktuelt med gebyr. NSM er i ferd med å evaluere ordninga for å sjå henne i samanheng med gebyr for godkjenningar også i forsvarssektoren.

Mange skjermingsverdige objekt er potensielle terrormål. Skjermingsverdige objekt skal sikrast mot terrorisme, sabotasje og spionasje. NSM fører tilsyn med dette. Tilsynet skal avdekke sårbare punkt for tvungen og skjult innetrenging avhengig av kva funksjon og eigenskapar det skjermingsverdige objektet har.

NSM fekk i 2015 i oppdrag å etablere ein kapasitet for å oppdage falske basestasjonar. NSM brukte noko lengre tid på innkjøp enn planlagt og er derfor litt forseinka.

**VURDERING OG RESSURSUTNYTTING.** Effekten av endra tilsynsmetodikk blir vurdert som god fordi vi får gjennomført tilsyn med fleire verksemder enn tidlegare. Vi har nådd målet om å gjennomføre fleire tilsyn, og vi observerer ein positiv trend med omsyn til kor godt verksemndene evnar å rette opp avvik.

Når det gjeld kontrollar og tekniske tryggleiksundersøkingar, står arbeidet i samsvar med dei planlagde aktivitetane.

**UTFORDRINGER OG RISIKO.** Endringar i ressursituasjonen eller større uføresette aktivitetar vil kunne påverke gjennomføringa av tilsyn. Dette blir følgt opp i kontinuerlege risikovurderingar. ☈

## FAKTA

## TILSYN



55

NSM aukar talet på tilsyn for å styrke tryggleiken. I 2016 gjennomførte vi 55 tilsyn.

269

Før eit IKT-system blir teke i bruk for tryggleiksgradert informasjon, må det tryggleiksgodkjennast av NSM. I fjor tryggleiksgodkjende vi 269 IKT-system, inkludert mellombelske bruksløyve.

**MÅL 4:**

# Betre IKT-tryggleiken i samfunnet

NSM er det nasjonale fagmiljøet for IKT-tryggleik og skal ha evne til å utvikle nasjonale prioriterte og balanserte tilrådingar overfor departementa til støtte for arbeidet deira med IKT-tryggleik.

**MÅL.** NSM skal støtte Justis- og beredskapsdepartementet og Forsvarsdepartementet i det ansvaret dei har på IKT-tryggleiksområdet. I denne rolla skal NSM halde ved like og kontinuerleg formidle eit heilskapleg IKT-risikobilete. Dette omfattar risikoforhold for statleg tryggleik, samfunnstryggleik og tryggleik i verksemder. NSM skal identifisere og foreslå nasjonale tiltak og krav på området og vere ein sjølvstendig høyningsinstans. Vidare skal NSM bidra til politikkutforminga nasjonalt og internasjonalt, mellom anna med støtte til utarbeiding av nasjonale strategiar og oppfølging av dei. NSM skal vere det nasjonale koordinerande fagmiljøet for IKT-tryggleik og legge til rette for godt samarbeid mellom alle aktørane på fagfeltet.

**RESULTAT.** NSM har i løpet av 2016 levert ei rekke underlag til dei styrande departementa våre, med tiltak for å redusere digitale sårbarer punkt. Risiko 2016 blei levert i mars, og rapporten Helhetlig IKT-risikobilde blei levert i oktober. I tillegg har NSM levert tryggleiksrapportar til departementa kvar veke. Rapportane inneheld korte oppsummeringar av dei alvorlegaste hendingane i rapporteringsperioden.

NSM har utvikla eit utkast til heilskapleg rammeverk for handtering av digitale hendingar i samarbeid med relevante aktørar. Dette blei gjort som ein del av planlegginga før øvinga IKT16. Prosesen i seg sjølv har vore kompetansehevande på nasjonalt nivå innanfor det førebyggjande IKT-tryggleiksarbeidet i Noreg og for NSM.

I løpet av året har vi gitt ei rekke orienteringar

og vore med i referansegrupper. NSM har i 2016 vore med i fleire arbeid og utgreningar som støtte til avgjerder på nasjonalt nivå, mellom anna til arbeidet med Meld. St. 10 (2016–2017) Risiko i et trygt samfunn – Samfunnssikkerhet frå Justis- og beredskapsdepartementet.

NSM har dessutan bidrige til politikkutforming og utgreningar i samband med

- ▶ tilråding om offentleg sikker skyteneste
- ▶ konsolidering av offentlege driftsleverandørar
- ▶ utarbeiding av rammeverk for handtering av digitale hendingar
- ▶ krav om sikker tilkopling (<https://>) i offentleg sektor

I tillegg kjem annan relevant aktivitet, som omfattar både faglege leveransar som presentasjonar, orienteringar og referansegrupper, og interne prosessar for å skape betre samhandling og ei heilskapleg og kostnadseffektiv utnytting av ressursar.

**VURDERING OG RESSURSUTNYTTING.** Vi ser at NSM har levert godt på området i 2016 trass i at utgreiingskompetansen i NSM er under press på grunn av høg aktivitet på fagområdet. Fleire kompetansemiljø internt i NSM bidreg saman til å løfte nivået og kvaliteten på råda NSM gir på nasjonalt nivå, og styrkjer evna til å foreslå tiltak som gjer dei digitale delane av samfunnet mindre sårbarer.

**UTFORDRINGAR OG RISIKO.** Auka merksem rundt IKT-tryggleik i samfunnet gjer at det er etterspurnad etter både IKT-tryggleikskompetanse og den samla kompetansen til NSM. ☈

## FAKTA TRYGGLEIKS- RAPPORTAR



NSM leverte tryggleiksrapportar til Forsvarsdepartementet og Justis- og beredskapsdepartementet kvar veke i 2016. Rapportane innehold oppsummeringar av alvorlege hendingar. I tillegg gir NSM ei rekke orienteringar og er med i referansegrupper og interne prosessar i forvaltinga innanfor IKT-tryggleik.

**MÅL 5:**

# Sikre aktivitet i tråd med økonomiske ressursar

NSM utøver stram økonomistyring for å få maksimal aktivitet ut av dei tildelte midlane.

**MÅL.** NSM skal utvikle seg i eit langsiktig perspektiv som sikrar at økonomiske ressursar, oppgåver og ambisjonsnivå er i samsvar med kvarandre. Dei kapasitetane det blir investert i, skal kunne vere i bruk over tid på eit fastlagt verksemde nivå. Høg kvalitet på planar og grunnlagsdokument skal sikre evna til kostnadseffektiv og rasjonell drift. Ressursane må i størst mogleg grad bli kanaliserete slik at dei støttar opp under brukarretta leveransar.

**RESULTAT.** Driftsutgiftene til NSM på kapittel 1723 i 2016 utgjer 251,5 millionar kroner, mens driftsinntektene på kapittel 4723 utgjer 35,4 millionar kroner. Netto driftsutgifter er dermed 216,0 millionar kroner.

Den samla tildelinga er 223,9 millionar kroner. Resultatet viser eit mindreforbruk på 7,9 millionar kroner, som utgjer 3,5 prosent av tildelinga.

Utgiftene til forsking og utvikling (FoU) og investeringane på kapittel 1760 utgjer 40,1 millionar kroner. Her er tildelinga 42,5 millionar kroner. Resultatet viser eit mindreforbruk på 2,4 millionar kroner, som utgjer 5,9 prosent av tildelinga.

Sjå elles kapittel 6 Årsrekneskap for nærmare detaljar.

**VURDERING OG RESSURSUTNYTTING.** Samla sett har NSM brukt 96,1 prosent av dei tildelte midlane i 2016. Dette er noko lågare enn tidlegare år. NSM utøver stram økonomistyring, og det blir gjennomført to interne budsjettrevisjonar i året for

å sikre best mogleg utnytting av dei tildelte midlane. Lønnsutgiftene utgjer 57 prosent av dei samla utbetalingane, og NSM følger dei opp særskilt for å ha god kontroll og sikre god ressursutnytting.

**UTFORDRINGAR OG RISIKO.** Over tid har det vore utfordrande å rekruttere og behalde medarbeidarar med spesialisert kompetanse innanfor visse fagområde. I periodar er stillingar blitt ståande ledige som følgje av dette. NSM legg vekt på medarbeidarutvikling og på å rekruttere rett og effektivt for å redusere risikoen. ☈

**MÅL 6:**

# Effektivisere og utvikle NSM vidare

**MÅL.** Ressursane til NSM skal nyttast effektivt, og effektivisering av NSM skal gjennomførast slik at det blir realisert gevinstar innanfor både produktivitet, kvalitet og effektivitet. NSM skal frigjere minimum 0,5 prosent av utgiftsramma kvart år.

**RESULTAT.** NSM avslutta i 2016 arbeidet med å følge opp rapporten fra Skjerven-gruppa om utvikling og effektivisering av NSM. Vi vurderer det slik at dei foreslalte tiltaka i rapporten er sett i verk i samsvar med planen frå departementet.

I 2016 har NSM òg bidrøge i arbeidet med å omorganisere strukturen for klareringsstyretemakter på både sivil og militær side. Det har vore viktig å leggje til rette for overføringa av kompetanse og ansvar for saksbehandling av nokre typar personelltryggleikssaker.

Når det gjeld arbeidet med personelltryggleik, har hovudsatsinga vore å redusere saksbehandlingstida for tryggleiksklareringar. NSM er andreinstans i klagesaker om tryggleiksklarering.

Når det gjeld arbeidet med effektiviseringstiltak, valde NSM å realisere gevinstar som kom som følge av effektivisering av saksbehandlinga for fotografering frå lufta. NSM reknar med at vi, når vi no har eit meir solid grunnlag for å rekne ut dei faktiske innsparingane ved å leggje om praksis, overoppfyller krava til effektivisering for 2016 – både når det gjeld sektorinterne krav og krav som følger av avbyråkratiserings- og effektiviseringsreforma (AB&E-reforma).

Prøveordninga med søknadsfritak for fotografate-

ring og filming frå dronar som blir opererte innanfor synsrekkevidd, er gjord til ei permanent ordning. Dette er ei forenkling for ein stor del droneoperatørar og reduserer samtidig auken i saksbehandling som ville ha følt med den kraftige auken i bruk av dronar.

NSM har vidare bidrøge til å utforme ny forskrift om bruk av luftborne sensorsystem, som er venta å tre i kraft i løpet av 2017. Det er venta at det nye regelverket vil bidra til vidare liberalisering og forenkling for brukarar, samtidig som det oppfyller behovet for skjerming av sensitiv informasjon mot innsamling frå lufta.

NSM har vore med på fleire øvingar i 2016, mellom anna IKT16, som var den største datatryggleiksovinga i Noreg sidan 2008. NSM deltok i NATO-øvinga CMX 2016, i ENISA-øvinga Cyber Europe og med observatør under NATO-cyberøvinga Locked Shields i Estland. NSM er over tid blitt betre på å ta i bruk evalueringar og læringspunkt frå øvingar.

**VURDERING OG RESSURSUTNYTTING.** NSM har i 2016 teke fleire grep for å få kontroll over både saksmengd og saksbehandlingstid på personelltryggleiksfeltet, og har langt på veg lykkast med dette. Det er likevel utfordringar med saksbehandlingstid og saksmengd for klagesaker i andre instans. Talet på klagesaker før årsskiftet 2016–2017 var aukande.

**UTFORDRINGAR OG RISIKO.** I ein overgangsperiode kan det gi utfordringar for NSM at talet på klagesaker er på veg opp. ☈

## MÅL 7:

# Sørgje for å ha rett kompetanse til oppgåveløysinga i NSM

Talet på tilsette auka også i 2016.

**MÅL:** For å løye samfunnsoppdraget sitt må NSM ha rett kompetanse til rett tid. Konkurransen i arbeidsmarknaden stiller store krav til at NSM evnar å rekruttere, utvikle og ta vare på medarbeidarar.

Oppgåveporteføljen til NSM veks og endrar seg i takt med det teknologiske kappløpet. Krava og forventingane frå omgivnadene er tydelegare, fleire, annleis og meir komplekse enn tidlegare. Trusselaktørane som opererer i dette biletet, utviklar teknikkane og verktøya sine raskt. Det gjer at behovet for arbeid med førebyggjande tryggleik er stort og i ei rivande kontinuerleg utvikling. Oppgåvene NSM utfører, er derfor òg blitt meir komplekse. Det har resultert i at NSM over fleire år gradvis har vakse. I 2016 auka talet på tilsette frå 238 ved inngangen til året til 253 ved utgangen av året. Talet på faktisk utførte årsverk i 2016, definert som ein person i 100 prosent stilling i eit heilt år, var 232.

**RESULTAT.** NSM er éin av fem etatar i forsvarssektoren og deltek aktivt i arbeidet med kompetansereforma i sektoren. Eit ledd i dette arbeidet har vore å utvikle ein felles HR-strategi i sektoren, med tre felles hovudmål: leiurar som mobiliserer til gjennomføring, rett kompetanse til rett tid og kontinuerleg betring. Som eit ledd i å gjennomføre hovudmåla for leiing definerte NSM eigne leiari- og medarbeidarkrav. NSM blei omorganisert i 2016 og vil halde fram arbeidet med leiing og leiarkrav for å utvikle leiarrulla i organisasjonen. Det var 30 prosent kvinner blant dei tilsette i NSM ved utgangen av 2016. Kvinnedelen på leiarnivå var på 40 prosent, mens kvinnedelen på mellomleiarnivå berre var på 15 prosent. NSM har fleire teknologisk retta avdelingar der majoriteten av søkermassen til ledige stillingar ofte er menn. Det har likevel vore rekruttert fleire kvinner til tekniske stillingar i 2016. I avdelingar med fleire ulike kompetanseområde er rekrutteringsgrunnlaget jamnare fordelt.

NSM arbeider aktivt for å rekruttere kvinner til alle delar av organisasjonen. Dette gjer vi ved å vere

til stades på ei rekkje utdanningsinstitusjonar for å profilere NSM som ein attraktiv arbeidsplass for begge kjønn. Samtidig oppfordrar vi bevisst kvinner til å søkje i stillingsannonse våre.

Sjukefråværet for verksemda under eitt var på 5,7 prosent, og 3,1 prosent av dette er relatert til langtidsfråvær.

**VURDERING.** Det blei tidlegare sett i gang eit langsiktig strategisk arbeid for å sjå nærmare på kompetanseutfordringane i forsvarssektoren – kompetansereforma. For å møte framtida er NSM avhengig av å vere ein endringsdyktig organisasjon som når måla sine gjennom å utvikle, ta vare på og tiltrekke seg rett kompetanse, slik at NSM framleis vil ha målretta og engasjerte medarbeidarar og leiurar. Ved NSM NorCERT blei til dømes NorCERT Academy ført vidare som læringsarena for nye tilsette, samtidig som alle avdelingane har eigne kompetansemidlar som er øyremerkte til vidareutvikling av erfarte medarbeidarar.

NSM starta hausten 2015 eit strategi- og organisasjonsutviklingsarbeid som blei fullført med etableringa av ny organisasjon 1. mai 2016. Heile organisasjonen blei påverka av dette arbeidet. Endringssarbeidet er framleis i gang.

**UTFORDRINGER OG RISIKO.** Innanfor enkelte fagområde er det krevjande å rekruttere og halde på kompetanse. Konkurransen i arbeidsmarknaden er særleg hard og utfordrande innanfor dei teknologiske faga. IKT-tryggleik får ein stadig større aktualitet og plass i heile samfunnet, og konkurransen om dei beste hovuda er eit resultat av dette. Det er viktig at NSM også i framtida evnar å rekruttere, ta vare på, utvikle og bruke kompetansen som dei dyktige tilsette har. Mengda nye oppgåver og kompleksiteten i dei gjer det utfordrande for NSM-organisasjonen å gi støtte i rett tid og med rett kvalitet. Det er viktigare enn nokon gong å ha rett kompetanse til rett tid. ☺

## FAKTA

## ÅRSVERK



232

Talet på faktisk utførte årsverk i 2016, definert som ein person i 100 prosent stilling i eit heilt år, var 232.



40

Kvinnedelen på leiarnivå var på 40 prosent. Kvinnandelens totalt ved utgangen av 2015 var på 30 prosent.

# Overordna vurdering av styring og kontroll

NSM er blitt betre på internkontroll som følgje av at det blei sett av ei eiga stilling til dette området i 2015. Det har bidrige til ei meir systematisk tilnærming til og vektlegging av internkontroll enn tidlegare. →

**NSM NYTTAR MÅL- OG RESULTATSTYRING** som grunnleggjande styringsprinsipp. For å gi leiinga i NSM innsikt i status for styring og kontroll har leiargruppa og internrevisjonen i NSM mellom anna evaluert kvaliteten på prosessane for internkontroll, risikostyring og verksemderstyring i NSM. Dette er gjort ved hjelp av ein modell for vurdering av modenskap på styring og kontroll – ein modell som er spesielt utarbeidd for forsvarssektoren.

NSM gjennomførte ei omfattande omorganisering i 2016, og dette har endra strukturen og oppgåveløysinga i avdelingane. På grunn av endringa er ikkje internkontrollsystemet fullstendig oppdattert til den nye strukturen ved utgangen av 2016. Nokre avdelingar har komme lenger enn andre i å utforme og setje i verk internkontroll, slik at ein kan hauste læringsutbyte ved å utveksle erfaringar på tvers av avdelingane. Totalt sett blir det vurdert at modenskapen er fragmentert. Det vil seie at til dømes styring og kontroll i nokon grad er formalisert, men ikkje på ein heilskapleg måte.

Riskostyring og internkontroll er organisert etter treforsvarslinjemodellen. Det vil seie at ein har ei operativ førstelinje som er ansvarleg for å setje i verk og etterleve dei føringane som ligg i internkontrollsystemet. I andrelinja ligg sentraliserte kontrollfunksjonar, inkludert ein eigen ressurs innanfor internkontroll. Tredjelinja inneheld ein uavhengig internrevisjon, som mellom anna utarbeider ei årleg overordna fråsegn om styring og kontroll i NSM. Internkontrollen i NSM er basert på COSO-rammeverket.

**TRYGGLIKA OG BEREDSKAP.** NSM har utvikla eit internt styringssystem for informasjonstryggleik basert på ISO 27001, med tilpassing til tryggleikslova med forskrifter og eigne behov. Dette systemet inkluderer ei handbok i risikovurdering. Vidare har NSM det siste året jobba med å vidareutvikle interne beredskapsplanar. Dette arbeidet held fram.

Ekstern kontroll. Riksrevisjonen fører kontroll med at rekneskapen til NSM ikkje inneheld vesentlege feil og manglar, og at disposisjonane som ligg til grunn for rekneskapen, er i samsvar med vedtaka og føresetnadene frå Stortinget og det regelverket som gjeld. Revisjonsmeldinga vil truleg vere klar i løpet av andre kvartal 2017.

EOS-utvalet gjennomførte fire inspeksjonar i 2016. Alle inspeksjonane konsentrerte seg om personelltryggleik. Dei har i tillegg hatt møte i lokale våre i samband med eit prosjekt der dei analyserer eit utval saker nærmare. Vidare har dei bedt om utdjupande informasjon og utgreiingar i ei rekke konkrete saker. Vi har også hatt fleire møte med dei tekniske ekspertane i sekretariatet for å gi ei oversikt over system og register som er viktige for kontrollen til EOS-utvalet.

Forsvarsdepartementet gjennomførte inspeksjon av NSM i 2016. Dei såg spesielt på intern tryggleik i NSM.

**MILJØ.** Til forskjell frå andre verksemder i forsvarssektoren har NSM ingen eigenrapportering for bygningsmasse. Årsaka til det er at NSM leier kontorlokale frå Forsvaret og Forsvarsbygg.

Miljørapporteringa for NSM er altså rekna inn i miljørapporteringa frå dei to respektive etatane. NSM har også felles avfallshandtering med Forsvaret. Miljøgiltig avfall blir handtert etter dei rutinane som gjeld, og er i hovudsak lagt til den leverandøren Forsvaret/Forsvarsbygg nyttar for desse tenestene.

Når det gjeld drivstoff, brukte NSM 3679 liter drivstoff for tenestekøyretøya sine i 2016, og dette gir eit CO<sub>2</sub>-utslepp på 9786 kg. Bruk av privatbil i teneste blir rapportert til 46 185 km. Talet på tenesteflyreiser i NSM i 2016 var 574. ☺

FAKTA  
DRIVSTOFF



**574**

Antall tenesteflyreiser i  
NSM i 2016 var 574.



**46185**

Bruk av privatbil i teneste  
rapporteres til 46 185 km.

# Vurdering av framtidsutsikter

2016 var det siste året der ein langtidsperiode blei avslutta i forsvarssektoren. Vi står no overfor ein ny langtidsperiode med ein ny langtidsplan vi skal målast opp mot fram til 2020.

Estatane i forsvarssektoren skal løyse oppgåvene sine på heilskapleg og ansvarleg vis, både på kort og lang sikt.

Estatane skal oppfylle samfunnsoppdraget sitt, oppnå mål og resultat, utnytte tildelte midlar effektivt og operere innanfor dei lovane og reglane som gjeld. →



## Måla for NSM fram mot 2020 er styrkt IKT-tryggleik, objektsikring og personelltryggleik.

**LANGTIDSPLANEN** beskriv ein heilskap der det skal gjennomførast ei rekke ulike satsingar, endringar og prioriteringar som skal bidra til å nå måla. Desse sektormåla er sett opp for forsvarssektoren:

- ▶ operativ evne til å løyse oppgåvene til Forsvaret
- ▶ berekraft i forsvarssektoren
- ▶ målretta og effektiv bruk av tildelte midlar
- ▶ førebyggjande tryggleik
- ▶ kontinuerleg betring og effektivisering

Måla for NSM er noko endra samanlikna med den førre fireårsperioden. Oppdragsgivarane våre, Forsvarsdepartementet og Justis og beredskapsdepartementet, har lagt meir vekt på kvalitativ vurdering av måla vi skal nå, og effektane av det vi leverer. Dei strategiske måla for NSM i den kommande langtidsperioden er

- ▶ styrkt IKT-tryggleik
- ▶ styrkt objektsikring
- ▶ styrkt personelltryggleik

Dei strategiske måla er baserte på utvalde aktivitetar og leveransar innanfor dei fagområda som er vurderte å gi størst samfunnseffekt.

For det første året i langtidsperioden er vurderinga vår slik:

**STYRKT IKT-TRYGGLEIK:** NSM skal ha eit systematisk og heilskapleg blick på IKT-tryggleik og skal styrke og utvikle arbeidet med førebygging, handtering og kontroll vidare. NSM skal først og fremst bidra til statleg tryggleik og samfunnstryggleik og støtte den operative evna til Forsvaret.

Dette året blir det gjennomført fleire utgreiingar og lovarbeid som vil gi føringar for korleis NSM

skal gjennomføre oppgåvene sine innanfor IKT-tryggleik i denne langtidsperioden. NSM skal utvikle tryggleikstiltak innanfor IKT, vi skal bli betre på råd og rettleiing om IKT-tryggleik, og vi skal auke evna til å avdekkje og handtere alvorlege IKT-hendingar. NSM skal òg utvikle evna til informasjonsdeling og støtte ved alvorlege IKT-hendingar.

NSM har fått styrkt evna til å føre tilsyn med tekniske tiltak innanfor IKT-tryggleik. Det vil seie at NSM vidare skal utvikle metoden og verktøya for å gjennomføre slike tilsyn.

Det er særleg veksten i sårbare punkt innanfor dei mange uoversiktlege teknologiske områda som er avhengige av kvarandre, som byr på utfordringar i den kommande fireårsperioden.

**STYRKT OBJEKTSIKRING:** Skjermingsverdige objekt skal kontinuerleg identifiserast og sikrast i samsvar med krava som er nedfelte i tryggleikslova med forskrifter. NSM skal utføre ansvaret sitt for å bidra til å motverke truslar mot skjermingsverdige objekt, slik at desse objekta blir sikra mot fysiske truslar, logiske truslar og innsidetruslar. NSM skal følgje opp og vere ein pådrivar for å gjere sektorstyresmakter og verksemder meir bevisste, og opplyse om eventuelle objekt som er avhengige av kvarandre innanfor og på tvers av samfunnssektorar. NSM skal samarbeide med andre sentrale aktørar på dette området. NSM skal òg støtte den operative evna til Forsvaret. Fram mot 2020 skal objekttryggleiken i samfunnet bli styrkt gjennom at NSM skal gi informasjon, råd og rettleiing. I tillegg skal NSM gjennomføre tilsyn for å bidra til at sektorar og verksemder følgjer krava til utval, klassifisering og sikring av objekt i tryggleikslova.

**STYRKT PERSONELLTRYGGLEIK:** NSM skal styrke rolla som nasjonal fagstyresmakt for personelltryggleik ved å bidra til eit høgt fagleg nivå hos aktorane i personelltryggleiksarbeidet.

Fram mot 2020 skal personelltryggleiken i samfunnet bli styrkt gjennom at NSM er ei framoverretta og tilgjengeleg fagstyresmakt som bidreg til kvalitet i saksbehandlinga, og til at arbeidet med personelltryggleik blir utøvd etter same sett av krav og med likt vurderingsgrunnlag. NSM skal utøve eiga klareringsmyndighet og bidra til å gjennomføre overføringa av personellklarering i første instans. Samtidig skal NSM sikre at dei nye klareringsstyremaktena er best mogleg stilt til å handtere ansvaret og oppdraget sitt. Sidan vi er midt i ei endring av strukturen for klareringsstyremakter, kan oppgåva bli utfordrande i ein overgangsfase.

**MÅLRETTA OG EFFEKTIV BRUK AV TILDELTE MIDLAR:** NSM skal ha ei tilfredsstillande økonomistyring i eit årleg og fleirårleg perspektiv, slik at dei tildelte midlane blir brukte målretta og effektivt i tråd med føresetnadene i iverksetningsbrevet til forsvarssektoren for langtidsperioden 2017–2020 og innanfor dei rammene som gjeld.

Fram mot 2020 skal NSM ha ei tilstrekkeleg og nøktern tilnærming til behov for materiell, personell, EBA og infrastruktur.

**GOD FØREBYGGJANDE TRYGGLEIK OG BEREDSKAP:** Dette er eit nytt utviklingsmål. NSM skal ha god førebyggjande tryggleik, slik at truslar mot infrastruktur, materiell, objekt, informasjon og personell blir motverka. Formålet er å verne desse verdiane mot uønskte hendingar og leggje til rette for god beredskap og drift i NSM.

Fram mot 2020 skal den førebyggjande tryggleiken betrast.

**KONTINUERLEG BETRING OG EFFEKTIVISERING:** Dette er eit nytt utviklingsmål som kan vere krevjande for ei lita verksemd. NSM skal ha ei langsiktig tilnærming til den vidare utviklinga av eigen organisasjon for å leggje til rette for at kvaliteten og leveringsevna til organisasjonen blir sikra på lang sikt. NSM skal kontinuerleg arbeide med betring og effektivisering og skal gjere tilpassingar av eigen organisasjon ut frå sivilt og militært behov og ut frå samfunnsutviklinga. NSM skal halde fram utviklinga av kurssenteret for førebyggjande tryggleik i samarbeid med Forsvaret og andre relevante aktørar.

**RETT KOMPETANSE TIL RETT TID OG RESULTATORENTERT LEIING:** For å løyse samfunnsoppdraget sitt må NSM ha rett kompetanse til rett tid. Konkurransen i arbeidsmarknaden stiller store krav til den evna NSM har til å rekruttere, utvikle og ta vare på medarbeidarar. NSM skal vere fagleg robuste på ein måte som er tilpassa behova til NSM over tid. Strategisk kompetanseleiing gir retning til korleis NSM tiltrekker seg, rekrutterer, nyttar seg av, tek vare på og utviklar den kompetansen etaten treng, og korleis NSM omstiller den kompetansen som ikkje lenger er relevant. NSM skal ha resultatorienterte leiarar som legg til rette for måloppnåing og omsorg for personell, og som leier i tråd med leiarkrava i NSM og verdigrunnen i forsvarssektoren. ☺

# Leiingskommentar til årsrekneskapen 2016



**FORMÅL.** Nasjonalt tryggingsorgan (NSM) er ei tverrsektoriel fag- og tilsynsstyresmakt innanfor den førebyggjande tryggingstenesta i Noreg.

Direktoratet er nasjonal varslings- og koordineringsinstans for alvorlege dataangrep og andre hendingar innanfor IKT-tryggleik. Direktoratet er administrativt underlagt Forsvarsdepartementet og rapporterer med fagleg ansvarslinje til Justis- og politidepartementet for oppgåveløysing i sivil sektor og til Forsvarsdepartementet for militær sektor. NSM held til på Kolsås i Bærum, med kontor i Sandvika og på Bryn i Oslo.

NSM er eit ordinært statleg forvaltingsorgan som fører rekneskap ut frå kontantprinsippet, slik det går fram av prinsippnoten til årsrekneskapen. Årsrekneskapen utgjer del VI i årsrapporten frå direktoratet.

**STADFESTING.** Årsrekneskapen er lagd fram i samsvar med føresegner om økonomistyring i staten, rundskriv R-115 frå Finansdepartementet og krav i økonomiinstruks for forsvarssektoren. Eg meiner at rekneskapen gir eit dekkjande bilet av disponible løyingar, rekneskapsførte utgifter, inntekter, egedelar og gjeld for direktoratet.

**VURDERINGAR AV VESENTLEGE FORHOLD.** I 2016 har NSM samla disponert tildelingar på utgiftssida på 291 373 000 kroner, jf. løyvingsrapporteringa og note A. Utgiftene er fordelte mellom driftsutgifter på kapittel 1723 post 01 og utgifter til FoU-prosjekt på kapittel 1760 post 45. Gjennomføringsutgifter for FoU-prosjekta er ført på kapittel 1760 post 01. Her er òg utgifter som gjeld tryggleiksgodkjenning for Forsvaret, posterte.

Driftsutgiftene på kapittel 1723 viser meirutgifter på 2 561 005 kroner, men etter justering for meirinntekter har direktoratet ei mindreutgift på 7 882 247 kroner som vi sokjer om å få overført til neste år på kapittel 1723 post 01 i samsvar med utrekningar i note B.

Utgiftene til FoU-prosjekt på kapittel 1760 post 45 viser ei mindreutgift på 6 644 861 kroner. Løyvinga på denne posten er gitt med stikkordet «kan overførast». Beløpet kjem frå tildelingar for dei siste to budsjettåra, og ein kan sokje om å få det overført til neste år. På kapittel 1760 post 01 viser rekneskapen ei meirutgift på 4 268 005 kroner.

Det skulle ha vore omgruppert midlar til å dekkje gjennomføringsutgifter for FoU-prosjekta frå post

45 til post 01 i løpet av 2016. Ved ein inkurie blei denne omgrupperinga ikkje gjennomført. NSM har derfor valt å sjå resultatet på dei to postane under eitt og søker om å få overført netto mindreutgift på 2 376 856 kroner.

Artskontorrapporteringa viser at utbetalingar til lønn og sosiale utgifter kom på 166 297 228 kroner, mot 156 234 137 kroner i 2015. Auken kjem av at talet på årsverk har auka som følgje av at driftsbudsjettet er styrkt. Sjå elles note 2.

Andre utbetalingar til drift utgjer 125 264 574 kroner, mot 98 107 857 kroner i 2015. Posten «Mindre utstyrssinnkjøp» viser størst auke frå 2015 til 2016. Auken kjem i stor grad av at det i 2016 blei gjennomført omfattande utstyrssinnkjøp som blei finansierte over kapittel 1760 post 45.

Inntekter utgjer 35 425 252 kroner, mot 24 881 876 kroner i 2015. Inntektene gjeld kurs- og konferanseavgifter, brukarbetaling frå NorCERT-medlemmer og partnarar og anna brukarbetaling for tenester som NSM leverer. Auken frå 2015 skriv seg frå brukarfinansierte tenester og refusjonar av utlegg for andre verksemder.

Mellomværet med statskassen utgjorde 7 030 249 kroner per 31. desember 2016. Oppstillinga av artskontorrapporteringa viser kva egedelar og gjeld som inngår i mellomværet. I tillegg til det rapporterte mellomværet har direktoratet kundefordringar på 350 800 kroner. Dette er fakturaer som er sende ut i 2016, men ikkje er betalte, og som derfor ikkje kjem fram som inntekt i årsrekneskapen. I tillegg har direktoratet ei bokført leverandørgjeld på 2 241 957 kroner. Dette skriv seg frå ein faktura som blei bokført i 2016, men hadde forfallsdato i 2017. Sjå elles opplysningar om avrekning med statskassen i note 5.

**TILLEGGSOPPLYSNINGAR.** Riksrevisjonen er eksterne revisor og stadfestar årsrekneskapen for NSM. Årsrekneskapen er ikkje ferdig revidert per dags dato, men revisjonsmeldinga vil truleg vere klar i løpet av andre kvartal 2017. Meldinga vil bli publisert på nettsidene til direktoratet.

Kolsås, 27. april 2017

Kjetil Nilsen, Direktør

## Prinsippnote til årsrekneskapen

### ÅRSREKNEKAPAR FOR STATLEGE VERKSEM-

**DER** er utarbeidde og leverte etter nærmare retningslinjer som er fastsette i føresegner om økonomistyring i staten («føresegnerne»), fastsette 12. desember 2003 med endringar seinast 5. november 2015. Årsrekneskapen er utarbeidd i samsvar med krav i punkt 3.4.1 i føresegnerne, nærmare føresegner i rundskriv R-115 frå Finansdepartementet og eventuelle tilleggskrav som er fastsette av eige departement.

Oppstillinga av løyvingsrapporteringa omfatter ein øvre del med løyvingsrapporteringa og ein nedre del som viser behaldningar verksemda står oppført med i kapitalrekneskapen. Oppstillinga av artskontorrapporteringa har ein øvre del som viser kva som er rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder, og ein nedre del som viser grupper av kontoar som inngår i mellomvære med statskassen.

Oppstillinga av løyvingsrapporteringa og artskontorrapporteringa er utarbeidd med utgangspunkt i punkt 3.4.2 i føresegnerne – dei grunnleggjande prinsippa for årsrekneskapen:

- Rekneskapen følgjer kalenderåret.
- Rekneskapen inneheld alle rapporterte utgifter og inntekter for rekneskapsåret.
- Utgifter og inntekter er ført i rekneskapen med bruttobeløp.
- Rekneskapen er utarbeidd i tråd med kontantprinsippet.

Oppstillingane av løyvings- og artskontorrapportering er utarbeidde etter dei same prinsippa, men grupperte etter ulike kontoplanar. Prinsippa står

i samsvar med krav i punkt 3.5 i føresegnerne om korleis verksemder skal rapportere til statsrekneskapen. Sumlinja «Netto rapportert til løyvingsrekneskapen» er lik i begge oppstillingane.

Alle statlege verksemder er knytte til den statlege konsernkontordninga i Noregs Bank i samsvar med krav i pkt. 3.8.1 i føresegnerne. Ordinære forvaltingsorgan (bruttobudsjeterte verksemder) blir ikkje tilførte likviditet gjennom året. Saldoen på kvar enkelt oppgjerskonto blir nullstilt ved overgang til nytt år.

**LØYVINGSRAPPORTERINGA.** Løyvingsrapporteringa viser rekneskapstal som verksemda har rapportert til statsrekneskapen. Rekneskapen blir stilt opp etter dei kapitla og postane i løyvingsrekneskapen verksemda har fullmakt til å disponere. Oppstillinga viser alle finansielle egedelar og forpliktingar verksemda står oppført med i kapitalrekneskapen til staten. Kolonnen «Samla tildeling» viser kva verksemda har fått stilt til disposisjon i tildelingsbrev for kvar kombinasjon av kapittel/post.

**ARTSKONTORRAPPORTERINGA.** Artskontorrapporteringa viser rekneskapstal som verksemda har rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder. Verksemda har ein trekrett for disponible tildelingar på konsernkonto i Noregs Bank. Tildelingane skal ikkje inntektsførast og kjem derfor ikkje fram som inntekt i oppstillinga.

Note 5 til artskontorrapporteringa viser forskjellar mellom avrekning med statskassen og mellomvære med statskassen. ☈

**OPPSTILLING AV BEVILGNINGSRAPPORTERING, 31.12.2016**

Utgiftskapittel	Kapittelnavn	Post	Posttekst	Note	Samlet tildeling	Regnskap 2016	Merutgift (-) og mindreutgift
1723	Nasjonal sikkerhetsmyndighet	01	Driftsutgifter	A, B	248 903 000	251 467 648	-2 564 648
	Nyanskaffelser av materiell og nybygg og nyanlegg	01	Driftsutgifter	A, B	4 904 000	9 172 005	-4 268 005
1760	Nyanskaffelser av materiell og nybygg og nyanlegg	45	Større utstyrssanskaffelser og vedlikehold	A, B	37 566 000	30 921 139	6 644 861
1633	Nettoordning, statlig betalt medverdiavgift	01	Driftsutgifter			18 475 779	
<b>Sum utgiftsført</b>					<b>291 373 000</b>	<b>310 036 571</b>	

Inntektskapittel	Kapittelnavn	Post	Posttekst	Samlet tildeling	Regnskap 2016	Merinntekt og mindreinntekt (-)
4723	Nasjonal sikkerhetsmyndighet	01	Driftsinntekter	A, B	24 982 000	35 425 252 10 443 252
5700	Folketrygdens inntekter	72	Arbeidsgiveravgift		20 704 813	
<b>Sum inntektsført</b>				<b>24 982 000</b>	<b>56 130 065</b>	
<b>Netto rapportert til bevilningsregnskapet</b>					<b>253 906 506</b>	
<b>Kapitalkontoer</b>						
60xxxx	Norges Bank KK /innbetalinger				41 696 374	
60xxxx	Norges Bank KK/utbetalinger				-294 547 722	
7xxxxx	Endring i mellomværende med statskassen				-1 055 158	
<b>Sum rapportert</b>					<b>0</b>	

**Beholdninger rapportert til kapitalregnskapet (31.12)**

Konto	Tekst	2016	2015	Endring
7xxxxx	Mellomværende med statskassen	-7 030 249	-5 975 091	-1 055 158

**NOTE A FORKLARING AV SAMLET TILDELING UTGIFTER**

Kapittel og post	Overført fra i fjor	Årets tildelinger	Samlet tildeling
172301	4 735 000	244 168 000	248 903 000
176001	-1 535 000	6 439 000	4 904 000
176045	0	37 566 000	37 566 000
472301	0	-24 982 000	-24 982 000

**NOTE B FORKLARING TIL BRUKTE FULLMAKTER OG BEREGNING AV MULIG OVERFØRbart BELØP TIL NESTE ÅR**

Kapittel og post	Stikkord	Merutgift(-)/mindre utgift	Utgiftsført av andre iht avgitte belastningsfullmakter	Merutgift(-)/mindreutgift etter avgitte belastningsfullmakter	Mer-/mindre-inntekter (-) iht merinntektsfullmakt	Omdisponering fra post 01 til 45 eller til post 01/21 fra neste års bevilgning	Innsparinger	Sum grunnlag for overføring	Maks. overførbar beløp beregnet av virksomheten	
172301/472301		-2 561 005		-2 561 005	10 443 252			7 882 247	10 959 300	7 882 247
176001		-4 268 005		-4 268 005				-4 268 005	321 950	
176045	«kan overføres»	6 644 861		6 644 861				6 644 861	61 440 000	2 376 856

\*Maksimalt beløp som kan overføres er 5% av årets bevilgning på driftspostene 01-29, unntatt post 24 eller sum av de siste to års bevilgning for poster med stikkordet «kan overføres».

Se det årlige rundskrivet R-2 for mer detaljert informasjon om overføring av ubrukte bevilgninger.

**Forklaring til bruk av budsjettfullmakter**

**Stikkordet «kan overføres»**

NSMs bevilgning på kapittel/post 176045 er gitt med stikkordet «kan overføres». Beløpet stammer fra tildelinger gitt innenfor de to siste budsjettåra og NSM lar beløpet inngå som en del av mulig overførbart beløp.

**Fullmakt til å bruke standard refusjoner av lønnsutgifter til å overskride utgifter**

NSM har brukt lønnsrefusjoner som er rapportert på kapittel/post 172301 til å dekke inn merutgifter under samme post. Lønnsrefusjonene beløper seg samlet til 5 059 624 kroner.

**Fullmakt til å overskride driftsbevilgninger mot tilsvarende merinntekter**

NSM er gitt fullmakt til å overskride driftsbevilgninger mot tilsvarende merinntekter. Merinntekter på kapittel/post 472301 utgjør 10 443 252 kroner som er benyttet til å dekke tilsvarende utgifter på kapittel/post 172301.

**Mulig overførbart beløp**

NSMs ubrukte bevilgning på kapittel/post 172301/472301 beløper seg til 7 882 247 kroner. Da dette beløpet er under grensen på 5 % regnes hele beløpet som mulig overføring til neste budsjettår.

Ubukt bevilgning på kapittel/post 176045 kan overføres i sin helhet da stikkordet «kan overføres» er knyttet til budsjettposten. NSM har imidlertid redusert beregnet overføring med merutgiften på kapittel/post 176001, slik at samlet overføring for de to postene sett under ett er beregnet til 2 376 856 kroner. Dette fordi det skulle vært omgruppert midler til dekning av gjennomføringsutgifter for FoU-prosjekter fra kapittel/post 176045 til kapittel/post 17601 i løpet av 2016. Ved en inkurie ble denne omgrupperingen ikke gjennomført.

OPPSTILLING AV ARTSKONTORRAPPORTERINGEREN 31.12.2016

	Note	2016	2015
<b>Driftsinntekter rapportert til bevilningsregnskapet</b>			
Innbetalinger fra gebyrer			
Innbetalinger fra tilskudd og overføringer	1	5 225 000	6 400 000
Salgs- og leieinnbetalingar	1	30 200 252	18 481 876
Andre innbetalingar			
Sum innbetalingar fra drift		35 425 252	24 881 876
<b>Driftsutgifter rapportert til bevilningsregnskapet</b>			
Utbetalinger til lønn	2	166 297 228	156 234 137
Andre utbetalinger til drift	3	125 264 574	98 107 857
Sum utbetalinger		291 561 802	254 341 994
<b>Netto rapporterte driftsutgifter</b>		<b>256 136 550</b>	<b>229 460 118</b>
<b>Investerings- og finansinntekter rapportert til bevilningsregnskapet</b>			
Innbetalinger av finansinntekter		994	0
Sum investerings- og finansutgifter		994	0
<b>Investerings- og finansutgifter rapportert til bevilningsregnskapet</b>			
Utbetalning til investeringar			
Utbetalning til kjøp av aksjer			
Utbetalning til kjøp av finansutgifter	4	-15	90 839
Sum investerings- og finansutgifter		-15	90 839
<b>Netto rapporterte investerings- og finansutgifter</b>		<b>-1 009</b>	<b>90 839</b>
<b>Innkrevingsvirksomhet og andre overføringer til staten</b>			
Innbetaling av skatter, avgifter, gebyrer m.m.			
Sum innkrevingsvirksomhet og andre overføringer til staten		0	0
<b>Tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten</b>			
Utbetalinger av tilskudd og stønader			
Sum tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten		0	0
<b>Inntekter og utgifter rapportert på felleskapitler*</b>			
Gruppelivsforsikring konto 1985 (ref. kap. 5309, inntekt)			
Arbeidsgiveravgift konto 1986 (ref. kap. 5700, inntekt)		20 704 813	19 439 740
Nettoføringsordning for merverdiavgift konto 1989 (ref. kap. 1633, inntekt)		18 475 779	12 401 482
Netto rapporterte utgifter på felleskapitler		-2 229 034	-7 038 258
<b>Netto rapportert til bevilningsregnskapet</b>		<b>253 906 507</b>	<b>222 512 699</b>

	Oversikt over mellomværende med statskassen**	2016	2015
Eiendeler og gjeld			
Fordringer		143 940	246 748
Kasse			
Bankkontoer med statlige midler utenfor Norges Bank			
Skyldig skattetrekk		-7 174 189	-6 221 839
Skyldige offentlige avgifter			
Annен gjeld			
<b>Sum mellomværende med statskassen</b>	<b>5</b>	<b>-7 030 249</b>	<b>-5 975 091</b>

\* Andre ev. inntekter/utgifter rapportert på felleskapitler spesifiseres på egne linjer ved behov.

\*\* Spesifiser og legg til linjer ved behov.

**NOTE 1 INNBETALINGER FRA DRIFT**

	31.12.16	31.12.15
Innbetalinger fra tilskudd og overføringer		
Næringslivstilskudd, NorCERT-funksjonen	5 225 000	6 400 000
<b>Sum innbetaling fra tilskudd og overføringer</b>	<b>5 225 000</b>	<b>6 400 000</b>
<b>Salgs- og leieinnbetaling</b>		
Brukertilgang	16 637 243	8 110 857
Konferanseinntekter	3 239 036	3 430 765
Viderefakturering, reiseutgifter	1 373 938	1 642 124
Viderefakturering, lønnsutgifter	2 910 216	3 350 649
Øvrige inntekter	6 039 819	1 947 481
<b>Sum salgs- og leieinnbetaling</b>	<b>30 200 252</b>	<b>18 481 876</b>
<b>Sum innbetaling fra drift</b>	<b>35 425 252</b>	<b>24 881 876</b>

**NOTE 2 UTBETALINGER TIL LØNN**

	31.12.16	31.12.15
Lønn	148 715 376	139 000 272
Arbeidsavgift	20 704 813	19 439 740
Sykepenger og andre refusjoner (-)	-5 059 624	-3 806 341
Andre yteler	1 936 663	1 600 454
<b>Sum utbetaling til lønn</b>	<b>166 297 228</b>	<b>156 234 137</b>
<b>Antall årsverk:</b>	<b>232</b>	<b>218</b>

**NOTE 3 ANDRE UTBETALINGER TIL DRIFT**

	31.12.16	31.12.15
Husleie	15 138 492	14 558 203
Andre utgifter til drift av eiendom og lokaler	7 200 151	6 438 642
Reparasjon og vedlikehold av maskiner, utstyr mv.	20 506	10 484
Mindre utstyrsskaffelser	48 388 674	30 616 510
Leie av maskiner, inventar og lignende	10 630 505	6 787 260
Kjøp av fremmede tjenester	23 632 249	18 860 117
Reiser og diett	8 427 886	8 609 758
Øvrige driftsutgifter	11 826 110	12 226 883
<b>Sum andre utbetaling til drift</b>	<b>125 264 574</b>	<b>98 107 857</b>

**NOTE 4 FINANSINNTEKTER OG FINANSUTGIFTER**

	31.12.15	31.12.15
<i>Innbetaling av finansinntekter</i>		
Renteinntekter		
Valutagevinst	994	
Annen finansinntekt		
<b>Sum innbetaling av finansinntekter</b>	<b>994</b>	<b>0</b>
<i>Utbetaling av finansutgifter</i>		
Renteutgifter		90 839
Valutatap	-15	
Annen finansutgift		
<b>Sum utbetaling av finansutgifter</b>	<b>-15</b>	<b>90 839</b>

**NOTE 5 SAMMENHENNG MELLOM AVREGNING MED STATSKASSEN OG MELLOMVÆRENDE MED STATSKASSEN**

Del A Forskjellen mellom avregning med statskassen og mellomværende med statskassen

	31.12.16	31.12.16	
	Spesifisering av bokført avregning med statskassen	Spesifisering av rapportert mellomværende med statskassen	Forskjell
<b>Finansielle anleggsmidler</b>			
Investeringer i aksjer og andeler		0	
Obligasjoner		0	
<b>Sum</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Omløpsmidler</b>			
Kundefordringer	350 800	350 800	
Andre fordringer	143 940	143 940	0
Bankinnskudd, kontanter og lignende		0	
<b>Sum</b>	<b>494 740</b>	<b>143 940</b>	<b>350 800</b>
<b>Langsiktige gjeld</b>			
Annen langtids gjeld		0	
<b>Sum</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Kortsiktig gjeld</b>			
Leverandørgjeld	-2 241 957	-2 241 957	
Skyldig skattetrekk	-7 174 187	-7 174 189	2
Skyldige offentlige avgifter		0	
Annen kortsiktig gjeld		0	
<b>Sum</b>	<b>-9 416 144</b>	<b>-7 174 189</b>	<b>-2 241 955</b>
<b>Sum</b>	<b>-8 921 403</b>	<b>-7 030 249</b>	<b>-1 891 154</b>

**NASJONALT TRYGGINGSORGAN**

Postboks 814, 1306 Sandvika

Tlf. 67 86 40 00

[post@nsm.stat.no](mailto:post@nsm.stat.no)

[www.nsm.stat.no](http://www.nsm.stat.no)

NASJONAL SIKKERHETSMYNDIGHET (NSM)  
Org. nr.: 985165262

## Riksrevisjonens beretning

Til Nasjonal Sikkerhetsmyndighet

### Uttalelse om revisjonen av årsregnskapet

#### Konklusjon

Riksrevisjonen har revidert Nasjonal Sikkerhetsmyndighets årsregnskap for 2016. Årsregnskapet består av ledelseskommentarer og oppstilling av bevilnings- og artskontorrapportering, inklusive noter til årsregnskapet for regnksapsåret avsluttet per 31. desember 2016.

Etter Riksrevisjonens mening gir Nasjonal Sikkerhetsmyndighets årsregnskap et rettvisende bilde av virksomhetens disponible bevilninger, inntekter og utgifter i 2016 og mellomværende med statkassen per 31. desember 2016, i samsvar med regelverk for statlig økonomistyring.

#### Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med *lov om Riksrevisjonen, instruks om Riksrevisjonens virksomhet* og internasjonale standarder for offentlig revisjon (ISSAI 1000–2999). Våre oppgaver og plikter i henhold til disse standardene er beskrevet under «Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet». Vi er uavhengige av virksomheten slik det kreves i lov og instruks om Riksrevisjonen og de etiske kravene i ISSAI 30 fra International Organization of Supreme Audit Institutions (INTOSAIs etikkregler), og vi har overholdt våre øvrige etiske forpliktelser i samsvar med disse kravene og INTOSAIs etikkregler. Etter Riksrevisjonens oppfatning er innhentet revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

#### Øvrig informasjon i årsrapporten

Ledelsen er ansvarlig for årsrapporten, som består av årsregnskapet (del VI) og øvrig informasjon (del I–V). Riksrevisjonens uttalelse om revisjonen av årsregnskapet og uttalelsene om etterlevelse av administrative regelverk dekker ikke øvrig informasjon i årsrapporten (del I–V), og vi atesterer ikke denne informasjonen.

I forbindelse med revisjonen av årsregnskapet er det revisors oppgave å lese øvrig informasjon i årsrapporten. Formålet er å vurdere hvorvidt det foreligger vesentlig inkonsistens mellom øvrig informasjon og årsregnskapet, kunnskapen opparbeidet under revisjonen, eller hvorvidt den øvrige informasjonen tilsynelatende inneholder vesentlig feilinformasjon. Dersom det konkluderes med at den øvrige informasjonen inneholder vesentlig feilinformasjon, er Riksrevisjonen pålagt å rapportere dette i revisjonsberetningen.

Det er ingenting å rapportere i så henseende.

## Ledelsens og overordnet departements ansvar for årsregnskapet

Ledelsen i Nasjonal Sikkerhetsmyndighet er ansvarlig for å utarbeide et årsregnskap som gir et rettvisende bilde i samsvar med regelverk for økonomistyring i staten. Ledelsen er også ansvarlig for å etablere den interne kontrollen som de finner nødvendig for å kunne utarbeide et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil.

Overordnet departement har det overordnede ansvar for at virksomheten rapporterer relevant og pålitelig resultat- og regnskapsinformasjon og har forsvarlig internkontroll.

### Riksrevisjonens oppgaver og plikter

Målet med revisjonen er å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet som helhet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil, og å avgjøre en revisjonsberetning som gir uttrykk for Riksrevisjonens konklusjon. Betryggende sikkerhet er et høyt sikkerhetsnivå, men det er ingen garanti for at en revisjon utført i samsvar med *lov om Riksrevisjonen, instruks om Riksrevisjonens virksomhet* og internasjonale standarder for offentlig revisjon (ISSAI 1000–2999) alltid vil avdekke vesentlig feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misligheter eller utilsiktede feil. Feilinformasjon blir ansett som vesentlig dersom den, enkeltvis eller samlet, med rimelighet kan forventes å påvirke beslutningene som treffes av brukere på grunnlag av årsregnskapet.

Som del av en revisjon i samsvar med *lov om Riksrevisjonen, instruks om Riksrevisjonens virksomhet* og ISSAI 1000–2999, utøver revisor profesjonelt skjønn og utviser profesjonell skepsis gjennom hele revisjonen.

Revisor identifiserer og anslår risikoene for vesentlig feilinformasjon i årsregnskapet, enten det skyldes misligheter eller utilsiktede feil. Revisjonshandlinger utformes og gjennomføres for å håndtere slike risikoer, og tilstrekkelig og hensiktsmessig revisjonsbevis innhentes som grunnlag for revisors konklusjon. Risikoen for at vesentlig feilinformasjon som følge av misligheter ikke blir avdekket er høyere enn for feilinformasjon som skyldes utilsiktede feil. Dette skyldes at misligheter kan innebære samarbeid, forfalskning, bevisste utelatelser, feilpresentasjoner, eller overstyring av intern kontroll.

Revisor gjør også følgende:

- opparbeider en forståelse av den interne kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige etter omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om effektiviteten av virksomhetens interne kontroll
- evaluerer hensiktsmessigheten av regnskapsprinsippene som er brukt, og rimeligheten av tilhørende opplysninger som er utarbeidet av ledelsen
- evaluerer den totale presentasjonen, strukturen og innholdet i årsregnskapet, herunder tilleggsopplysningene, og hvorvidt årsregnskapet representerer de underliggende transaksjonene og hendelsene på en måte som gir et rettvisende bilde

Revisor kommuniserer med ledelsen og informerer overordnet departement, blant annet om det planlagte omfanget av revisjonen og til hvilken tid revisjonsarbeidet skal utføres. Revisor vil også kommunisere om forhold av betydning som er avdekket i løpet av revisjonen, herunder eventuelle svakheter av betydning i den interne kontrollen.

Av de forholdene som kommuniseres med ledelsen og som overordnet departement blir informert om, tar revisor standpunkt til hvilke som er av størst betydning ved revisjonen av årsregnskapet, og avgjør om disse regnes som sentrale forhold ved revisjonen. Disse beskrives i så tilfelle under eget avsnitt i revisjonsberetningen, med mindre lov eller forskrift hindrer offentliggjøring. Forholdene omtales ikke i beretningen hvis Riksrevisjonen beslutter at de negative konsekvensene av en slik offentliggjøring med rimelighet må forventes å være større enn offentlighetens interesse av at saken blir omtalt. Dette vil bare være aktuelt i ytterst sjeldne tilfeller.

Dersom Riksrevisjonen gjennom revisjon av årsregnskapet får indikasjoner på vesentlige brudd på administrative regelverk for økonomistyring, gjennomføres utvalgte revisjonshandlinger for å kunne gi uttalelse om hvorvidt det er vesentlige brudd på disse.

## **Uttalelse om øvrige forhold**

### **Konklusjon knyttet til administrative regelverk for økonomistyring**

Vi gir en uttalelse med moderat sikkerhet på om vi er kjent med forhold som tilsier at virksomhetens disponering av bevilgningene i vesentlig grad er i strid med administrative regelverk for økonomistyring. Uttalesen bygger på ISSAI 4000-serien for etterlevelsesrevisjon. Moderat sikkerhet for uttalesen oppnås gjennom revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi finner nødvendig.

Basert på de revisjonshandlingene som likevel er gjort og kontrollhandlingene vi har funnet nødvendig å gjøre i henhold til ISSAI 4000-serien, er det avdekket brudd på Lov om offentlig anskaffelse med tilhørende forskrift om offentlig anskaffelser §3-1 om konkurranseprinsipp i tre tilfeller, og §3-2 om kravene til protokollføring og protokolls innhold i elleve tilfeller. Det er avdekket brudd på instruksen anskaffelsesregelverk for forsvarer §33-2, jf. §5-5 bokstav b ved fire tilfeller. Det er videre avdekket brudd på bestemmelsene om økonomistyring i staten punkt 4.2 f) der det stilles krav til dokumentasjon av bokførte opplysninger. Bokførte opplysninger er ikke dokumentert på en slik måte som gjør etterprøving og kontroll mulig. Med unntak av ovenstående er vi ikke kjent med andre forhold som tilsier at virksomhetens disponeringer av bevilgningene er i strid med de administrative bestemmelsene om økonomistyring.

Oslo, 04.05.2017

Etter fullmakt

Tor Digranes  
ekspedisjonssjef

Stig Kilvik  
avdelingsdirektør

*Brevet er ekspedert digitalt og har derfor ingen håndskreven signatur*